



Randaberg – på spissen av Jæren

INGER SMIDT OLSEN OG EIRIK GURANDSRUD

Randaberg kommune

Randaberg kommune ligg på nordspissen av Jæren, med Stavanger som næraste nabo. I nordaust og nordvest ligg Rennesøy og Kvitsøy. Museumsanlegga i kommunen fortel om tider då jorda og sjøen var viktigaste næringsvegar og ressursar her. På Vistnestunet møter me eit typisk gardsmiljø frå slutten av 1800-talet. Tungenes fyr har vore eit viktig lyspunkt både for fiskarar og annan skipstrafikk. Samlingane til Randaberg Bygdemuseum er ein viktig del av museumsanlegga i kommunen.

På denne delen av Nord-Jæren ser me ofte fjellet som stikk fram i dagen. Innimellom knausane ligg morenemasser av sand og aur. Randbergfjellet som ligg mest på nordspissen av Jæren er 69 meter høgt.

Frå gammalt av er kommunen mest kjend som jordbrukskommune, og nokre av dei første som kom til landet slo seg ned her. Framleis finn me eit aktivt jordbruk i kommunen som m.a. har 80 % av persilleproduksjonen i landet. Leveransen av årets første poteter til Slottet har ofte kome frå Randberg. Kulturlandskapet er framleis prega av jordbruk sjølv om knappe fem prosent av befolkninga i kommunen er sysselsett innan primærnæringane i dag.

Dei siste 30 åra har oljeindustrien også sett spor i Randbergsamfunnet. Basen i Dusavik har stor aktivitet og mange serviceselskap knytt til oljenæringa.

RANDBERG BYGDEMUSEUM

Randberg Bygdemuseum hadde eksistert som ei privat samling sidan 1953, i stor grad sett saman av læraren og Krf-politikaren Tønnes Rygg. Han samla inn både reiskap, innbu og andre bruksgjenstandar. Mykje av «det gamle Randberg» blei også tatt vare på og vidareformidla gjennom bygdefilmene som han produserte i lag med Karthon Håland. Frå 1975 overtok kommunen drifta av Randberg Bygdemuseum. I mange år levde museumsamlinga eit anonymt tilvære i kjellaren på Harestad skole, langt frå publikum. Men midt på 1980-talet skjedde det positive ting. Då opna ei museumsutstilling i Randberghallen med utgangspunkt i bygdemuseet sine samlinear. Det blei også utarbeid undervisnings-

hefte i samband med utstillinga. Hausten 1987 var ein ny milepæl nådd. Då kunne Randberg Bygdemuseum opna dørene til utstilling i kjellaren på Harestad skole. Dei nye utstillingslokala var smårom som egna seg til fordjuping i ulike tema. Bygdemuseet blei etter kvart ein del av undervisninga på Harestad skole og eit tilbod til dei andre skulane i kommunen. Tilbodet blei vidareutvikla, og ei tid fekk alle 3. klassane i kommunen minst 4 museumsbesøk i året: Eit besøk til Vistnestunet, to besøk til bygdemuseet på Harestad skole og eit besøk på Sjøbruksmuseet på Tungenes. Eit viktig mål var å gi elevane gode opplevingar. I tillegg sat dei att med mykje faktakunnskap etter museumsbesøka.

Med åra auka både museumsaktiviteten og gjenstandssamlinga. Etter kvart var samlinga så stor at ho sprengde rammene til kjellerlokala på skulen. Ulike provisoriske lagringsløyser blei organisert fram til 1996, då eit større lagerlokale blei sett opp til dette føremålet på Viste.

Randberg Bygdemuseum sin innsats på dei ulike museumsanlegga har spelt ei viktig rolle, både for å vekke interesse og ta vare på historia i kommunen. Dugnadsinnsatsen og samlingane er ein del av grunnlaget for dagens museumsanlegg, både rundt Tungenes fyr og Vistnestunet.



Vistnestunet med vindmaskinen og løa sett frå nord. Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.

VISTNESTUNET

Frå jærgard til museumsgard

Garden Vistnes, g.nr. 57, omfattar det sørvestre hjørnet av Randaberg. Han grensar mot havet i vest og mot Vistevika i sør. Garden er blant dei mellomstore i kommunen. Namnet Vistnes er samansett av *vist*, som tyder opphaldsstad, restar, merke etter slik stad eller kroken som skjer seg inn og *nes*, neset som ligg til Viste.¹

Vistnestunet står i dag slik garden i hovudsak var sist på 1800-talet og noko etter 1900. Sidan bygningane også var i bruk lenge etter dei vart bygde på 1870-talet, finn me også mange minne om nyare tid. Bygdamuseet sine hus er husa som Rakel og Andreas Vistnes fekk bygd på bruk nr. 7 på Vistnes.

Bygningane og bygningstypene er slike som var vanlege på Jæren i si tid. Dei fortel både om typiske trekk for byggeskikken og måten å bu og driva gard på. Plasseringa i tunet fylgjer gamal skikk, bygd på lang røynsle om kva som var høveleg på det flate, vêrharde Jæren. Heimahuset ligg med gavlane mot nordvest/søraust. Løa har same retning og ligg på austsida av heimahuset.

Husa er prega av tilgang på lokale byggematerialar og vêrlaget, langt meir enn det nye hus er i dag. Tømmer var mangelvare på Jæren. Gamalt tømmer blei difor brukt opp att så langt råd var. Vraktømmer blei nytta særleg i løer og andre uthusbygningar. Nytt tømmer måtte kjøpast utanfrå, anten frå Ryfylke eller lenger vekk. Det var då ferdig kløyvd. Gråstein hadde dei god tilgang på og han var mykje nytta til byggematerial. I denne delen av Randaberg er det god skifrig murestein.

Slik stein er nytta i løa og eldhuset, i dei veggane som vender mot vêret.

ANLEGGET SI HISTORIE FØR DET BLEI MUSEUM

Folk på Vistnes har levd av det jorda og sjøen kunne gje. Det har oftast vore bra levekår her. På 1700- og 1800-talet avla dei langt meir enn dei trong til eigen kost. Dei spadde åkeren og gjødsla godt. Difor var talet på kyr relativt høgt, 8–10 kyr på kvart bruk. Dei nytta tare til gjødsel. Som innefôr reiv dei lyng i tillegg til høy og halm. Beitet var knapt og sauene blei sende på sommarbeite andre stader. Vistnes var ein sjøgard med god hamn og naust og båtstø i Vistnesvågen. Frå sjøen skaffa kvar bonde seg minst ei tønne salt sild kvar vår og ei tønne salt mort kvar haust. I tillegg fiska dei til dagleg bruk heile året.

På 1800-talet var folkeauken sterk i heile landet, også i Randaberg. Ved dei tidlege bruksdelingane blei kvar åkerteig delt og utmarka brukt felles. Husa var samla i eit klyngetun nordvest for dagens museumstun. Ved den første utskiftinga av jorda i 1832 fekk bruk 6 den sørlegaste jorda på garden. Sonen på garden, Anders, hadde gifta seg i 1831 med Anna Maria Olsdotter frå Avaldsnes. Han og kona fekk to born som vaks opp, Rakel og Anne Marie. Gardsbruket blei i 1873 delt mellom desse i to like bruk. Rakel gifta seg i 1871 med Andreas Olsson Ytre Bø. Dei valde den austre delen, som blei bruk nr. 7. Søstera Anne Marie, fekk bygningane i det gamle tunet og bruk 6.

Rakel og Andreas valde tomt til husa eit stykke ned på eigdommen, langs gang- og ridevegen som gjekk



Vinterstemning i Vistnestunet februar 2010. Eldhus og løe har steinveggar til vern mot vær og vind. *Torhild F. Jacobsen, Jærmuseet.*

frå Vistnes til Raustein og vidare til Goa. Dei fekk bygd husa som seinare blei museumsgarden. Sonen til Rakel og Andreas, Andreas Andreason, tok over i 1900 saman med kona Ellen Serina Olsdotter. I 1941 fekk sonen Erling bruket. I 1971 overtok neste generasjon ved sonen Artur Vistnes.

BYGNINGANE – BYGNINGSHISTORIE

Heimahus og løe vart sett opp på den noverande staden frå 1874 til 1876. Husa var i bruk fram til 1970-åra då siste eigar, Artur Vistnes, bygde nye hus på garden og ga dei gamle husa til museumføremål.

Heimahuset – jærhuset


Jærhus er eit omgrep som blir brukt om ein bestemt type heimahus, karakteristisk for Jæren frå midten

av 1800-talet og framover. Heimahuset på Vistnes har mange av dei spesielle trekka knytt til jærhuset. Ytre særtrekk er skut i kvar gavl, symmetrisk fasade med bislag og dør midt på og eit sett vindu på kvar side.


Rakel og Andreas fekk Tjerand Olsen Bø, mykje nytta som tømmermann i Randaberg, til å bygga heimahuset sitt i 1875. Ein del av materialen kom frå hus i det gamle fellestunet.² Det skal også vera litt gammalt skipstømmer i huset, men dette blei særleg nytta i løa. Huset har eit tømra kammers bak stova og ein kove i reisverk bak bua. Det blei ombygd kring første verdskrig.

Gjestene kom inn i huset gjennom døra i vest. Til dagleg gjekk dei inn og ut gjennom kjøkenet. Stova blei det viktigaste bruksrommet og det einaste utanom kjøkkenet som hadde oppvarming. Her stod senga til husbondfolket og her sov også dei minste ungane.

Garden Vistnes omfattar det sørvestre hjørnet av Randaberg. Museumsgarden er dei gamle husa til bruk nr. 7.



Planskisse, heimahus.



Eldhus



Fasade, heimahus.

Antikvarisk oppmåling 1987. Hilde Schjelderup, Per M. Schjelderup.

Stovekammerset var soverom for tenestejenta. I 1870-åra hadde Rakel og Andreas ei tenestejente. Det same hadde Serine og Andreas då dei tok over garden i 1900. Bua var gjesterommet etter gamalt. Difor står det seng også i dette rommet. I Serina og Andreas si tid blei det brukt til bestestove, og truleg til oppbevaring av finklede, i kister og meir nymotens – i kommodar. Loftet var soveplass og lager for mat. På stoveloftet var det senger på eine sida og kornbinger på den andre. Bualoftet har m.a. vore nytta til verkstad.

Koven blei bygd om til kammers då foreldra til Artur Vistnes gifta seg. Kammerset hadde dør inn til bua, merka etter denne er framleis synlege. Bua hadde omn og oppmurt pipe og veggane var kledde med huntonitt i denne perioden. Jarnboltane i taket og på loftet blei brukte for å halda pipa på plass. Alle låg i «norestova» då Artur var liten, seinare fekk han og søstera eit kam-mers kvar.

I gangen blei ein vegg flytta inn i kjøkenet. Gangen fekk koksomn, trefasa vindu ut mot hagen og blei nytta som stove. Kammerset i sør var mindre fordi det var delt av til yttergang med dør ut og dører til kjøken og stove. I den tida huset ikkje hadde skut i sør, hadde «sørestova» vindu i endeveggen, spora etter dette ser me inne i stova i dag.

I kjøkenet er det grue slik det var då huset var nytt. Den opphavlege grua skal ha vore mindre, utan mantel og «vegg» ut i rommet. Her kokte dei maten, bakte flat-brød, lefser og potetkaker. Brunngryta med vatn til dyra stod også i grua. Mange stader hadde dei brunn inne i kjøkenet, men på Vistnes måtte dei ut etter vatn. Rom-

met bak bua har truleg vore nytta som spiskammers, til oppbevaring av mat.

Skutane i kvar gavl blei først og fremst nytta til lager-rom for torv. På det trebare Jæren var torv viktigaste brenne. Men drivved blei også brukt. Dei hadde ikkje eiga torvmyr på Vistnes, og leigde seg torvrett på nabogardane.

Under stova er det kjellar. Der lagra dei poteter, grønsaker, kjøt og fisk.


Eldhuset

er plassert slik at det fyller ut tunopninga mot sør, til livd mot sørvesten.

Gardsrommet er toleg godt skjerma mot vêret. Eldhuset er nokre tiår yngre enn løa og heimahuset. Då Serina og Andreas fekk seg jarnkomfyr på kjøkenet i staden for grua, hadde dei ingen plass til å varma brunngryta og bakstehella. Difor bygde dei eldhus med



Eldhuset på Vistnestunet. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.



1. Heile tunet.

Tunplan, Vistnestunet. Antikvarisk oppmåling 1987.
Hilde Schjelderup, Per M. Schjelderup.

innlagt vatn. I eldhuset kunne dei også røykja sild, arbeida med slakt og anna grovarbeid innan matstellet.

Den grindbygde løa

I 1874 skal løa ha vore flytta til noverande plass i samband med bruksdelinga. Løa er grindbyggt, ein byggeskikk med lange tradisjonar på Vestlandet. Særleg uthus som løer og naust har vore bygde på denne måten. Grindbygg er ein stavkonstruksjon der to loddrette stavar er bundne saman med ein tverrstokk til ei grind. Grindane blei bundne saman av ein langsgåande bjelke, stavlegja.

I løa er det fjøs, stall, hevdahus, lannikum, do, låve og reiskapshus under same tak. Dette var i tråd med

moderne landbruksprinsipp i 1870-åra. Løa blei forlenga mot nord i 1930-åra. Tilbygget lengst mot nord blei bygd i samband med restaureringa på 1970-talet. Det var eit noko mindre tilbygg der tidlegare.


Låven hadde opphavleg tre delar: Treskelåven med tregolv i midten og dør ut til kvar side. I romma på kvar side av treskelåven hadde dei høyet og halmen. I treskelåven treska dei kornet. I den eldste tida la dei kornbanda på golvet og slo dei med tust. Difor måtte det vera tett tregolv her. På den tida Rakel og Andreas dreiv garden, blei tusten skifta ut med treskemaskin. Då brukte dei vindmaskinen til trekk-kraft. Seinare kom det større treskeverk som var drivne av motor. Dei fekk ikkje plass på låven. Men vindmaskinen blei framleis brukt til å driva hakkmaskinen.

Fjøsen er panelt av som eit rom i løa. Kyrne stod i båsar med hovudet heilt inn til veggen. Dei fekk vatn og fôr i trebøtter som blei sette inn i kvar bås. Dei første brukarane, Rakel og Andreas, hadde 1 hest, 4 kyr, 8 sauer, ein gris og nokre høns i 1875. Dette var som gjennomsnittet på dei andre gardsbruka.


Rundt 1905 sette Serina og Andreas Vistnes inn båsane som framleis står og fekk lagt inn vatn. Sementgolv og røyr frå mjølkemaskinen er nyare. Nytt mjølkeanlegg i fjøsen kom då Artur Vistnes (f. 1942) var rundt 12 år. Då han vaks opp, hadde dei 7–8 kyr, 2 kalvar og hest. Ei kort tid etter krigen hadde dei også gris.

Sauene stod på talle i hevdahuset om vinteren. Talle er gjødsel blanda med strø av lyng eller torv, slik at det blir eit fast, tørt underlag. Dette er ein gamal fjøstradisjon som også har vore i bruk til kyr på Sørvestlandet. Stallen har plass til to hestar.


Antikvarisk oppmåling 1987. Hilde Schjelderup, Per M. Schjelderup.



Planskisse løe.



Tverrsnitt mot sør.



Langsnitt mot aust.



1 Vindmaskinen som no står på garden.

2 Fjøsen på Vistnestunet.

3 Vindmaskinen var i bruk under aktivitsdag som Randaberg Historielag og kommunen arrangerte i 2009.


Alle foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.



1



2



3



5

1 Bildet syner heimahuset med to piper.

Foto: E. Vistnes, Randaberg Bygdemuseum, Jærmuseet.

2 Etasjeomnen i stova kjem frå Jærhuset på Sande.

Foto: Unn Iren Nygård, Jærmuseet.

Gjenstandar til pryd og nytte:

- 3 pyntehandlke i bua,
- 4 mjølkeflasker til mjølkemaskina,
- 5 visp og
- 6 kaffikjel på kjøkenet.

Foto: Inger Smidt Olsen, Jærmuseet.



4



6

VISTNESTUNET SOM MUSEUM

Randaberg Bygdemuseum fekk Vistnestunet i 1976. Rundt 1980 starta arbeidet med restaurering og tilbakeføring. Antikvariske myndigheter blei kopla inn i lag med frivillige. Randaberg Bondekvinnelag gjorde ein stor innsats med innsamling og innreiing av heimahuset.

I heimahuset blei delar av interiøret ført attende til meir opphavleg utsjånad. Kammerset blei gjort om til matbu og fekk samstundes steingolv att. Grua på kjøkenet er bygd opp på nytt. Mykje av inventaret er samla inn frå gardane rundt i bygda. Mellom anna kjem etasjeomnen i stova frå jærhuset på Sande.

Det var to piper i huset i perioden 1940–1975. No har huset ei pipe, slik det var opphavleg. Skuten i sør var lenge fjerna men i samband med at huset blei gjort om til museum, blei skuten sett opp att.

Vistnestunet utvikla seg til ein populær møteplass. Mange gjorde ein stor innsats for å skapa interesse og synleggjera verdiane i og rundt anlegget. Bondekvinnelaget heldt sundagsope delar av året og det blei samarbeidd om kulturhistoriske arrangement, som t.d. «Sundagstur til fortida» der Randaberg bygdemuseum samarbeidde både med AmS og andre.

I 1976 var Randaberg kommune blitt eigar og forvaltar av anlegget. I 1995 inngjekk kommunen ein avtale med Randaberg hesteklubb som overtok ansvaret for å halda sundagsope og organiserte riding i tilknytning til Vistnestunet. I 1997 trekte klubben seg ut, men tidlegare leiari heldt fram drifta i eiga regi. I lag med kommunen blei det sett i gang eit prøveprosjekt for å utvikla Vistnestunet vidare, frå 2001 med 100% stilling som driftsansvarleg.

Vistnestunet blei besøksgard med høns, grisar, geit, sau, ku, ponniar m.m. Nytt tilbygg med kjøken og toalett, nytt elektrisk anlegg i løa, nytt lysanlegg på ridebanen og gapahuk i utmarka, var investeringar som blei gjort i denne perioden for å leggja tilhøva betre til rette. Tilbodet på Vistnestunet blei populært og besøkstala auka. I 2004 gjekk kommunen inn for å vidareføra prosjektet. Krava om eigeninntening stimulerte til meir intensiv drift, noko som ga større slitasje på bygningar og kulturlandskap. Eit spørsmål trengde seg på: Tok ein tilstrekkeleg omsyn til dei kulturhistoriske verdiane som også skulle ivaretakast? Det blei naudsynt å leggja om kursen. Etter kvart blei drifta avvikla og kommunen starta arbeidet med å få til aktivitet og gardsdrift på Vistnestunet, tilpassa både bygningar, kulturlandskap og publikum.

VISTNESTUNET I DAG

Jærmuseet overtok i 2009 det museumsfaglege ansvaret for drifta av Vistnestunet. Randaberg kommune eig anlegget og om lag 30 daa fulldyrka jord som komkransar sjølve tunet. Utmarka og skogen er innløynt av Jæren Friluftsråd for friluftsføremål. Drifta av museumsgarden er eit samarbeid mellom kommunen og Jærmuseet.

Vestlandsklimaet er utfordrande for alle museum som har bygningar å ta vare på. Restaureringstiltak og vedlikehald på Vistnestunet skjer i samarbeid mellom Randaberg kommune og Jærmuseet sin driftsleiar for lokale anlegg.

I 2009 fekk Jærmuseet to stillingar knytt til Vistnestunet, bonde og pedagog, begge i 50 % stilling. Garden

blei klargjort for å ta i mot dyr, m.a. blei beiteområda som omkransar tunet inngjerda. Bonden har sine egne dyr på garden. Hausten 2010 har garden 16 sauer, 19 lam, 6 vêrar, geit, kalkunar, høns, kaninar og hest. For å leggja til rette for den daglege drifta er koven i heimahuset innreidd til eit oppvarma arbeidsrom/kontor og kvilerom under lemminga. Dette er gjort utan bygningsmessige inngrep slik at rommet lett kan førast attende til kove.

UNDERVISNING OG FORMIDLING

Vistnestunet og området rundt gir rike muligheter for læring og kultur- og naturopplevingar. Det første året Jærmuseet hadde ansvaret for drifta, blei det gjennomført eit samarbeidsprosjekt med ein av skulane i kommunen om utvikling av undervisningsopplegg. Frå 2010 har Jærmuseet gitt tilbod om faste opplegg til skulane i og rundt kommunen i visse periodar av året. Tema i dei ulike opplegga er knytt til både garden og området rundt med sjø, utmark og skog. Undervisningstilbod som Jærmuseet har hatt ansvar for i første halvår 2010 er sau og ull, lafting av jærhus, fuglar i nærområdet og matlaging i friluft.

Skular i Randaberg har i fleire år nytta Vistnestunet som base for eit tilrettelagt undervisningstilbod. Dei har kvar sin dag i veka. Elevar og lærarar har gode og meningsfylte opplegg på garden der dei mellom anna ryddar inne og ute, sagnar ved og lager mat til seg sjølve og stundom og til folk som har ærend på Vistnestunet. Opplegget haustar mange godord.

Hausten 2009 tilsette Randaberg kommune ein formidlar i 50% stilling på Vistnestunet. Dette er eit 2-årig

prøveprosjekt med ynskje om inntening. Ein del av tilboda formidlaren står ansvarleg for har vore gjennomført i samarbeid med Jærmuseet, m.a. aktivitetsdagar med ulike tema, feriekubb og tilbod til SFOar i Randaberg og Stavanger kommune.

Vistnestunet og området rundt er på mange vis eineståande og har kvalitetar som det både er viktig å ta vare på og formidla. I 2010 er drifta framleis i ei oppbyggings- og utviklingsfase der ein freistar å ta omsyn både til bevaring og formidling.

NOTER

¹ Lye, Kåre Arnstein: *Jærboka, Kulturhistoria*, bd. 3, s. 177.

² Måseidvåg, Torunn: *Registrering av Jærhus*, s 18.

KJELDER

Holmboe, Grete: *Bygdatunet på Viste*. Uttale til Randaberg Sogelag / Randaberg kommune 1982.

Lindanger, Birger: *Randaberg, Gard og Ætt II*. Randaberg kommune 1984.

Lye, Kåre Arnstein: *Jærboka bd 3, Kulturhistoria*, Norsk Oikos A/S.

Lye, Kåre Arnstein: *Jærboka bd 1, Naturmiljøet*.

Måseidvåg, Torunn: *Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time, Gjesdal, Hå*. Rogaland fylkeskommune 2000.

Oppmålingsteikningar, Vistnestunet, 1987.

Randaberg Bygdeblad, sept. og okt. 1987.

Randaberg kommune, nettsider: www.randaberg.kommune.no
Samtale med Artur Vistnes juni 2009.

Vistnestunet i Randaberg. Brosjyre, udatert.

Vistnestunet Randaberg. Brosjyre utgjeve av Jærmuseet og Randaberg kommune 2009.



1



2



3



4



5

1–2 I lag med museumsbonde Ivar Hodnefjell blir ungane kjende med dyra på garden. *Foto: Inger Smidt Olsen, Jærmuseet.*

3 Villsauen eller utegangarsauen klarer seg godt i vestnorsk vinterver.

Her får dei litt ekstrarfôr av ein liten hjelpar. *Foto: Torhild F. Jacobsen, Jærmuseet.*

4 Elevane sine nysteikte lappar smakar alltid godt! *Foto: Torhild F. Jacobsen, Jærmuseet.*

5 Museumsbonden sine sauer er populære blant store og små. *Foto: Torhild F. Jacobsen, Jærmuseet.*





TUNGENES FYR

– eit fyrtårn før og no

I over 150 år var Tungenes fyr i Randaberg eit lyspunkt for sjøfarande på veg til og frå Stavanger og Ryfylke. Dei siste 25 åra har fyret fått ein ny funksjon som eit kulturelt fyrtårn, og sidan 2008 som ei avdeling i Jærmuseet.

I 1828 blei det første fyrlyset tend på Tungenes. Dei første åra var lyskjelda berre nokre talglys, og seinare ei tranlampe som sto i loftsvindauget til Eivind Tunge i Tungevågen i nærleiken av der fyret står i dag. Eit skikkeleg fyr kom ikkje før i 1862. Dette hadde staten gått inn for å setja opp, for å betre tryggleiken ved innseglinga til Stavanger og Ryfylke. Noko som hadde samanheng med at byen opplevde ei nærast eksplosiv folkeauke frå 1845 til 1860. Han vaks frå 6600 til 16 000 innbyggjarar på 15 år. Trafikken rundt Tungeneset auka dermed også



Tungenes fyr rundt 1915. Foto: Arvid Massen.

kraftig, og ei tranlampe i eit loftsvindaug var ikkje tilstrekkeleg sikring av denne travle sjøvegen. I 1898 blei den nye fyrbygningen forbetra med eit fyrtårn.

Tungenes fyr var i utgangspunktet ein familiestasjon, der fyrvoktaren og familien hans budde i sjølve fyret, og hadde ansvaret for heile drifta. I 1937 blei det sett opp ein eigen bustad ved sida av fyret til fyrvoktarfamilien. Innan den tid hadde fyret blitt elektrifisert (1931) og også blitt supplert med ein tåkelur (1933). Ordninga med såkalla familiestasjonar blei i løpet av første halvdel av 1900-talet, gradvis avvikla. Dette galdt også Tungenes fyr. I 1959 blei det såleis reist ein betjentbustad, til dei tilsette som hadde teke over det som tidlegare var familiemedlemmar sin jobb. 25 år seinare, i 1984, sto fyret tomt og slokt. Lykta på skjeret Bragen utanfor Tungeneset hadde erstatta det gamle fyret, men fyrbygningane blei snart fylt opp med nytt innhald.

Fyr til folket

Randaberg bygdemuseum bidrog til å vekka interessa for lokalhistorie i Randaberg, og la såleis grunnlaget for engasjementet rundt etterbruken av Tungenes fyr etter nedlegginga i 1984.³

Allereie før fyret blei nedlagt inngjekk Randaberg kommune ein avtale med den siste fyrvoktaren, Bjarne Mathisen, om oppsetjing av gjerdeklyvarar på fyranlegget slik at lokalbefolkninga kunne få enda betre utbytte av det flotte turområdet rundt fyret. Året etter nedlegginga etablerte kulturstyret i kommunen eit utval som skulle greie ut framtidig bruk av fyret. I første omgang blei det sett i gong ein fyrkafé i betjentboligen. Etter stor



Dagleg- og bestastova i fyrbygningen på Tungenes fyr.
Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.

publikumstilstrømming blei det gjort ytterlegare investeringar i dette lokalet. Andre etasje blei i 1989 pussa opp for å bli utstillingslokale for jærmålaren Oskar Sørreime. Han hadde donert ei stor malerisamling til Tungenes fyr. Same år blei tåkeluren sett i stand. Planane for publikumstilbodet på Tungenes blei etter kvart utvida til å gjelda heile Tungevågen. I 1990 opna eit sjøbruksmuseum i eit tidlegare kyllinghus, ei utstilling utvikla av Jærmuseet. Sivilarkitekt Helge Schjelderup blei på same tid engasjert av kommunen for å utvikle ein plan for den tidlegare fyrstasjonen. Desse planane gjekk utover sjølve fyret, både i tid og rom. I løpet av fem år blei eit gammalt naust i vågen gjenreist og ein geil frå mellomalderen restaurert. Fyrbygningen blei

innvendig ført tilbake til 1930-talet, og uthuset gjort om til utstillingslokale.

Publikumstilbodet blei dessutan supplert med døgnope toalett, gangstier og orienteringstavler. I 1994 fikk kommunen kjøpa fyret – for 200 000 kroner. Fire år seinare blei Tungenes fyr freda etter lov om kulturminne. Ei rekke utstillingar har vore vist på Tungenes, både kunst og utstillingar med tema frå sjøfart og navigasjon.

I nasjonal samanheng var ikkje Randaberg kommune åleine om å ha ambisiøse gjenbruksplanar for ein nedlagt fyrstasjon. Interesse for å besøka og å bevare fyr i Norge, spesielt dei landfaste, var aukande. I mange kystkommunar blei fyret ein viktig del av den lokale identiteten, som eit unikt kjennemerke for staden og noko storslått å visa fram til besøkande utanfrå. Sjølv om det i mange tilfelle var tale om eit forlatt fyr som for lengst hadde mista sin navigasjonstekniske funksjon. Men folk sakna også lyssveipet frå dei gamle fyrlyktene, desse blei på 2000-talet mange stader erstatta med såkalla LED-lys. Dei nye lysa oppfyllar alle navigasjonstekniske krav, men er langt mindre synlege for folk på land. Dette førde mellom anna til at nokre Klepp-buar fekk søvnproblem når ikkje lyset frå Feistein sveipa forbi soveromsvindauguet om natta.

Rundt mange av dei meir tilgjengelege nedlagde fyrstasjonane vaks det fram organisasjonar som organiserte eit publikumstilbod, gjerne beståande av enkel servering, omvisning og eventuelt overnatting. I tillegg sto desse organisasjonane også for noko vedlikehaldsarbeid i samråd med eigaren, oftast Kystverket. Men ved einskilde fyrstasjonar var publikumstilstrømminga

så stor at det oppsto eit behov for ei meir profesjonell organisering av tilbodet, og med dette også større ambisjonar for innhaldet i publikumstilbodet. Lindesnes fyr kappar frå slutten av 1980-talet til midten av 1990-talet med Tungenes om å bli eit nasjonalt fyrmuseum. Desse to publikumsinstitusjonane fann likevel saman i ei semje om at eit nasjonalt fyrmuseum best blei ivareteke i eit organisert nettverk av institusjonar. På dette grunnlaget sprang Kystverket sitt etatismuseum – Kystverkemusea – ut. Dalsfjord fyrmuseum, Lofotmuseet, Lindesnes fyrmuseum og Tungenes fyr utgjorde avdelingane i dette nettverket.

Jærmuseet i Tungevågen

Jærmuseet har vore ein aktiv samarbeidspartnar med Randaberg kommune i den museale utviklinga ved Tungenes fyr. Museet har stått bak sjøbruksutstillinga og har bidrege betydeleg i arbeidet med den interiørmessige restaureringa av fyrboligen. I eit kommunestyrevedtak frå juni 2000, blei det også slått fast at «kommunestyret stiller seg (videre) positivt til deltakelse i et regionalt vitensenterprosjekt i Jærmuseets regi». Tidleg blei det avgjort at navigasjon skulle vera hovudtema i eit nytt museum/vitensenterbygg på Tungenes. Men kommunen hadde funne andre samarbeidspartnarar, Stavanger Sjøfartsmuseum, Sjøkartverket og Kystverket Vest då prosjektet Navigare blei lansert i 2005. Føremålet med dette prosjektet var å oppretta eit senter for dokumentasjon av navigasjonshistorie på Tungenes. Den planlagde hovudutstillinga, Nattseilasen, var tufta på ein vitenpedagogisk tankegang, det vil seia ei utstilling



Avdelingsleiar Eirik Gurandsrud prøver Nattseilasen sommaren 2009. Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.

som inviterar til fysisk deltaking frå publikum. Denne navigasjonssimulatoren skulle gi publikum eit inntrykk av korleis det er å ferdast på sjøen i mørket, med fyrlys, -lykter og sjøkart som einaste hjelpemiddel. Seglasen gjekk gjennom ein fiktiv skjergard som Sjøkartverket for høvet hadde kartlagt med eigne kart. Ei prøveutgåve av Nattseilasen blei sett opp i eit nedlagt hønsehus i Tungevågen. Denne blei testa av grunnskule- og vidaregåande elevar og vaksne, som i stor grad rapporterte om ei lærerik og spanande oppleving. Søknadar om prosjektmidlar til Navigare gav likevel ikkje uttelling, og heile prosjektet blei etter kvart avslutta. Tilbake i et mørklagt hønsehus sto ein original simulator med skjær av sandsekkar og skiljevæggar i plysj.

Nokre år før Navigare, i byrjinga av 2000-talet, produserte arkitektfirmaet Arkidea i Stavanger eit kuriøst prospekt med oppsiktsvekkande planar for Tungenes. Arkidea såg føre seg eit «konferansesenter for innovasjon og nytenking» i Tungevågen. Ein av bygningane var tiltenkt ein kopi av sivbåten Tigris, kjend frå ein av Thor Heyerdahl sine ekspedisjonar. Denne båten var, ifølgje Arkidea, eit vitnesbyrd over tidleg sjøfart og samstundes eit døme på «internasjonal navigasjon». Konferansesenteret elles blei skildra i lite konkrete vendingar. Filosofien syntes å vera at smakfull og spissfindig arkitektur fremjar framifrå utvikling hjå besøkande organisasjonar. Arkidea sin idé kom heller aldri lenger enn til dette skissestadiet.

Randaberg kommune vende seg mot Jærmuseet igjen i 2006. I første omgang blei det laga konsolideringsavtale om drift av museumssamlingane i Randaberg Bygdemuseum, dei historiske fotosamlingane i kommunen og for å få utvikla undervisningstilbod knytta til sjøbruksutstillinga i Tungevågen. Jærmuseet registrerte og flytta deler av gjenstandsamlingane som låg i ulike lagerbygningar. Ein starta opp arbeidet med å systematisera foto og anna materiale etter Karthon Håland og foto innsamla til bygdebokarbeidet. Dette er arbeid som framleis pågår.

I samband med etableringa av Kystverkemusea i 2008 blei tilhøvet mellom Jærmuseet og Tungenes fyr enda meir formalisert. Driftsfinansieringsmodellen føresette både sentrale og regionale bidrag, staten sin del utgjorde 60 prosent av driftsmidla, dei resterande 40 skulle komme frå den einskilde avdelinga sin vertskommune

og fylkeskommune. Rogaland fylkeskommune stilte som krav at Tungenes fyr skulle konsoliderast med Jærmuseet for å yte økonomisk driftsstønad.

Museumstilbodet i dag

Tungenes fyr er i dag mest eit populært turområde for Randaberg- og Stavangerbuen. Kafeen i fyranlegget er godt besøkt, og er ope om sommaren og på sundagar elles i året. Museumstilbodet består av miljøutstillinga i fyrboligen (med omvisning), ei fast kunstutstilling av jærmålaren Oskar Sørreime og ulike skiftande utstillingar med maritime tema. Fyrstasjonen på Tungenes er ivareteke på ein måte som er ganske unik i norsk samanheng. Miljøet i fyrboligen viser, med stor grad av autentisitet, korleis ein fyrvaktarfamilie budde og levde i mellomkrigstida, noko lokalhistorikaren Birger



Måleri frå Sørreimesamlinga.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.



«TIL VINDEN OG VANNET» av Frode Gundorf Nielsen er ein kunstinstallasjon som blei sett opp på fyrbygningen på Tungenes i samband med kulturbyåret 2008 i Stavanger. Installasjonen hausta honnør, mellom anna hjå ein kunstmeldar i Stavanger Aftenblad:

«Frode Gundorf Nielsen har laget et vannorgel og monterte det på utsiden av fyret, med faste intervaller setter det i gang å spille for deg. Det er både vakkert å se på og lytte til, litt uvirkelig faktisk, at en så dyp syngende lyd kan lages av vann og luft. Det menneskeskapte orgelet rekonstruerer naturen. Verket er flyktig og sterkt på en og samme tid, og passer utmerket inn på dette stedet.»⁵

Installasjonen heng på nordveggen på Tungenes fyr og blir ståande her, i første omgang fram til 2014.

Lindanger har skildra på ein levande måte: «Her er kjøkkenet med varmeplate for vatnet, barnerommet med senga der borna sov andføttes, den store, brune kista fyrvaktarfamilien drog med seg frå det førre fyret dei var på og fyrvaktarens kontor som også fungerte som daglegstove. Over alt får me grundig innføring av lokale guidar – ungdom med sommarjobb på fyret. Dei kan fortelje at det år om anna søkjer 30–40 000 besøkande ut hit.»⁴ Når det gjeld besøkstalet var nok ungdommane som Lindanger snakka med, i overkant optimistiske. Nye elektroniske og manuelle teljingar viser at besøket i området er årleg på rundt 20 000 personar. Dette er likevel eit svært høgt besøkstal på ei museumsavdeling på denne storleiken. Etterspurnaden etter museumstilbodet varierer noko, truleg av di mange av gjestane er lokale turgåarar som «har vore på fyret før» og ikkje oppfatta eventuelle endringar og utvidingar i tilbodet.

Sjøbruksmuseet i Tungevangen opna i 1990.⁶ Utstillinga består av ei stor samling fiskebåtar og fiskereiskap, og viser korleis folk på Nord-Jæren har utnytta ressursane i havet.

Diverre har ikkje denne utstillinga vore restaurert sidan opninga, den er såleis prega av eit visst forfall i dag. Utstillinga opnast i dag kun på førespurnad. Same bygning husar også ei omfattande båtmotorsamling. Denne er drive av Tungenes motorgruppe, «en interessegruppe med hovedformål å samle og restaurere båtmotorer som blant annet har vært i bruk i distriktet.»⁷ Samlinga består av om lag 130 båtmotorar, som blir

Reilstad 6hk, 1930, ein båtmotor
i motorgruppa sin samling.


Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.



vist fram og demonstrert ved ulike høve. Mange knyter spesielle minne til båtmotorlydar, og desse kan oppleva hjartelege gjenhør i Tungevågen.

Undervisning

Jærmuseet har sidan konsolideringsavtalen i 2006 organisert undervisning årleg i Tungevågen. Tema har i stor grad vore knytt til sjøbruk på Jæren og livet i fjæra, t.d. om sildefisket på Jæren med matlaging i kafeen. Etter den utvida konsolideringa med Jærmuseet har



Sjøbruksstillinga, slik ho står i dag. Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.

det blitt utvikla nye undervisningsopplegg ved Tungenes fyr. Hittil har to opplegg blitt gjennomført: «Fyrlyset sin historie» og «mat frå fjæra». Førstnemnde tek føre seg utviklinga av fyrlyset frå talg- til LED-lys. Elevane får prøve å lage eigne straumkrinsar med ulike lys- og energikjelder. Resultata blir både batteridrive glødelamper og solcelledrivne LED-lys. I tillegg lærar elevane Tungenes fyr si historie og får omvisning i fyrbygningen.

«Mat frå fjæra» går føre seg i strandsona og gir elevane ei oversikt over det biologiske mangfaldet i fjæra, og ikkje minst kva me kan nytte som mat. Undervisninga blir avslutta med koking og smaking på alt frå sjøgras til strandsniglar. Fleire nye undervisningsopplegg er i planleggingsfasen, og vil forhåpentleg bli gjennomførde allereie i 2011.

Framtidige planar

Musea i Norge har gjennomgått ei betydeleg utvikling dei 30 siste åra, og gått frå å vera nokså lukka og autoritære kunnskapsinstitusjonar til å bli meir opne møteplassar som både speglar og rettar seg inn mot eit breiare lag av befolkninga. Dette har spesielt kome til uttrykk gjennom ei auka satsing på formidling. Jærmuseet har regionalt vore eit føregangsmuseum når det gjeld å engasjera eit stort publikum gjennom aktiviserande utstillingar.

Jærmuseet legg for tida planar om å oppretta eit maritimt vitensenter på Tungenes. Tungenes fyr skal i framtida bli eit museum med vitensenter-formidling av maritime tema.

Kursen er såleis staka ut, men me har allereie støtt på nokre skjer i sjøen. Fyranlegget på Tungenes er freda og har svært avgrensa utstillingsareal, utan moglegheiter for utviding. Eit maritimt vitensenter kan med andre ord ikkje etablerast i desse lokala. Randaberg kommune har leigd tidlegare gardsdriftsbygningar i Tungevågen til musealt bruk. Kommunestyret i Randaberg vedtok i 2009 å kjøpa desse driftsbygningane med tilhøyrande tomter, nettopp med tanke på ei utviding av museumsverksemda på Tungenes. På grunn av ein odelstvist blei salet likevel ikkje gjennomført. Kommunen har søkt Miljøverndepartementet om odelsfrigjering, og der ligg saka i skrivande stund.

Status for planarbeidet

Førebels kan berre det tematiske innhaldet i eit maritimt vitensenter planleggast. Staten ved Kystverket har bestemt følgjande retningslinjer for museumsdrift ved Tungenes fyr: «Jærmuseet skal ta et spesielt ansvar for å dekke Kystverkets virksomhet knyttet til navigasjons-, los- og VTS-virksomhet. I tillegg forventes det at Tungenes fyr utvikles og vedlikeholdes som et fredet kulturminne.»⁸ Innan Jærmuseet og Randaberg kommune må det skje ein kunnskapsutvikling samstundes med at utstillingar og eksperiment blir planlagt.

Kunnskapsutvikling om los- og VTS-tenesta (VTS: Vessel Traffic Services = Trafikksentralenesta) har i første omgang blitt prioritert med ekskursjonar til trafikksentralane på Kvitsøy og Fedje og deltaking på eit losoppdrag. Etter planen skal dette arbeidet munna ut i historiefaglege artiklar og utstillingar. Førebels har



Pedagog Unn Iren Nygård frå Jærmuseet viser elevar frå Goa skule korleis fyrlykta på Tungenes fyr fungerer. *Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.*

Utprøving av navigasjonsutstillinga på Havnedagen i Hommersåk, mai 2010.
Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune.



Jærmuseet utvikla ei ny utstilling med maritime tema, ei navigasjonsutstilling beståande av sjømerke av typen kardinalmerke.

Desse sjømerka viser kva himmelretning båtane skal passere på, og blei for sommarsesongen 2010 sett opp i fyranlegget på Tungenes fyr.

Innan våren 2011 vil ei vandretstilling om trafikk-sentraltenesta opna på Tungenes fyr. Utstillinga er produsert av Jærmuseet og skal visa korleis den moderne trafikk-sentraltenesta fungerer i dag, historiske tiltak for sikring av sjøvegen, og utviklinga framover. Trafikk-overvakinga frå den moderne trafikk-sentralen vil stå i sentrum av utstillinga.

Tungenes fyr er i dag eit fyrhistorisk museum med innslag av andre maritime tema. Vegen til eit vitensenter er ikkje fastlagt, men eit solid fundament blir lagt i desse dagar.

NOTER

³ Birger Lindanger: «Randaberg – kultursoga frå 1945 til 1996» (1996), s. 178-179


⁴ Fyrhistorisk årbok 2005, s. 140.

⁵ <http://www.aftenbladet.no/kultur/article658992.ece>

⁶ Fyrhistorisk årbok 2005, s. 146

⁷ <http://www.randaberg.kommune.no/rogaland/randaberg/randabergk.nsf/id/FDE32B51C1F5601AC12573050020B7D4?OpenDocument>

⁸ Drift av etatsmuseum for Kystverket – Tilskudds- og avtalebrev 2010, 3.3.2010, s. 4.



Tungenes fyr, tunskisse

- 1 Fyrbygning frå 1862, ombygd 1898
- 2 Uthusbygning frå 1947
- 3 Fyrvaktarbustad frå 1938
- 4 Fyrvaktarbustad frå 1959
- 5 Garasje
- 6 Maskinhus
- 7 Tåkelur

